

## Møtereferat

Dato: 03.03.2016

Emne:	<b>Referat frå møte i prosjektgruppa likeverd 25.02.2016</b>		
Til stades:	Ruth Brudvik, Frode Mannsåker, Anne Mette Nesje Porten, Marius Kjørmo, Jorunn B. Johannessen, Benedicte Meyer		
Forfall:	Laila Christin Kleppe, Mari-Kristine Morberg	Sak: 2015/11349-11	
Møtetid:	25.02.16. kl. 1230-1500	Møtestad: Møterom 13.et. Fylkeshuset	

**Møteleiar: Ruth Brudvik**

**Referent: Benedicte Meyer**

- Sakliste godkjent.
- Referat frå 29.01 godkjent.
- Ruth refererte frå møtet i styringsgruppa 19.02. Vi drøfta igjen spørsmålet vårt om å kartleggje omfanget av mobbing/trakassering. Om det ikkje vert med i MU, meiner vi framleis at det er viktig med ei eller anna form for kartlegging av dette. Styringsgruppa ønskjer at handlingsplanen skal presisere at den og gjeld når HFK utarbeider kravspesifikasjonar til underleverandørar.
- Info om planen skal ut til kommunane i HFK.

Resten av møtet gjekk med til å gjennom dei tekstutkasta som Ruth og underteikna på førehand hadde sendt ut. Ny versjon der innspela er tekne med vert sendt ut før neste møte.

Medlemmene får i oppgåve å lage framlegg til tiltak i tillegg til igjen å tenke gjennom kva for nivå vi bør legge oss på, både når det gjeld kor konkrete og kor mange tiltak vi skal ta med, og omfanget/detaljnivået generelt.

Ruth og Benedicte skriv og sender ut ytterlegare utkast, og bed om innspel.

Neste møte vert sett til 10.03. kl.1230-1500.